



Harris Advokatfirma AS  
Postboks 4115 Sandviken  
5835 BERGEN

Referanser:  
Dykkar: Cathrine Tvedt  
Lorentzen  
Vår: 20/9106 - 21/56435

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
26.08.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 464/19 Haugstad

**Tiltak:** Naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 464/19  
**Tiltakshavar:** Arne Solhaug  
**Ansvarleg søkjar:** Harris Advokatfirma AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest for naust og brygge på gbnr 464/19, journalført mottatt 27.05.2021. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

### Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at det er nødvendig med ei presisering av kva tiltak søknaden om ferdigattest omfattar. I vedtak datert 22.01.2013 vart det gitt løyve til etablering av naust og brygge. Teikningar med revidertdato 19.01.2013, som vart lagt til grunn for vedtaket, viser også båtopptrekk. I vedtak datert 06.07.2020 vart det gitt løyve til endra plassering av naust. Det vart opplyst i søknaden at utforminga av naustet var uendra og i tråd med opprinnleg gitt løyve.

Vi forstår av telefonsamtale med Marianne Sandvik i dag at brygge og båtopptrekk ikkje er/skal realiserast og at tiltaket berre omfattar naustet. Vi ber om skriftleg tilbakemelding på dette innan **16.09.2021**.

Søknaden om ferdigattest vert behandla når tilbakemelding ligg føre. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

